



**DET KONGELEGE  
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT**

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/1396-

19.12.2018

## **Støydalen kraftverk og Klovfoss kraftverk i Nissedal kommune i Telemark - klagesak**

Naturvernforbundet i Telemark/Norges Naturvernforbund (Naturvernforbundet) klagar i brev av 14.1.2017 og 18.8.2017 på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sine løyver av 7.12.2016 til bygging av Støydalen kraftverk og 22.6.2017 til bygging av Klovfoss kraftverk.

NVE har vurdert klagene utan å finne grunnlag for å gjere om sine vedtak, og har sendt sakene til departementet i brev av 29.6.2017 og 28.9.2017.

### **1. Bakgrunn**

Skagerak Kraft AS søkte 3.10.2013 om løyve til bygging av Støydalen kraftverk og Klovfoss kraftverk. NVE ga 7.12.2016 løyve til Støydalen kraftverk, medan Klovfoss kraftverk blei avslått. I avslaget blei det lagt stor vekt på at utbygginga ville gi store og omfattande terrenginngrep. Skagerak Kraft AS søkte 23.2.2017 på nytt om løyve til Klovfoss kraftverk, med endra kraftstasjonsplassering og endra trasé for røyrkata. NVE ga løyve til Klovfoss kraftverk 22.6.2017.

Støydalen kraftverk vil nytte eit fall på 330 m mellom inntak på kote 690 og kraftstasjon på kote 360 i Håtveitåi. Det er planlagt ein installert effekt på 2,8 MW og ei slukeevne på 1050 l/s, som svarar til om lag 210 % av middelvassføringa. Det er søkt om slepp av minstevassføring på 13 l/s heile året. Kraftverket vil med dette ha ein årleg produksjon på om lag 8,2 GWh.

Klovfoss kraftverk vil nytte eit fall på 88 m mellom inntak på kote 343 og kraftstasjon på kote 255 i Håtveitåi. Det er planlagt ein installert effekt på 1,67 MW og ei slukeevne på 2170 l/s,

Postadresse  
Postboks 8148 Dep  
0033 Oslo  
postmottak@oed.dep.no

Kontoradresse  
Akersgata 59  
oed.dep.no

Telefon\*  
22 24 90 90  
Org.nr.  
977 161 630

Avdeling  
Energi- og  
vannressursavdelinga

Saksbehandlar  
Vegard Hotvedt  
Strømsvåg  
22 24 62 53

som svarar til om lag 195 % av middelvassføringa. Det er søkt om slepp av minstevassføring på 29 l/s heile året. Kraftverket vil med dette ha ein årleg produksjon på om lag 5,0 GWh.

Søknaden for Støyldalen kraftverk og opphavleg søknad for Klofoss blei kunngjort og sendt på høyring i oktober 2013: **Nissedal kommune** uttalar at dei er positive til utbyggingane. **Fylkesmannen i Telemark** har merknadar knytt til mellom anna landskapsverknadar, INON og villrein, men tek ikkje stilling til om det skal bli gitt løyve eller ikkje. **Telemark fylkeskommune** uttalar at det må bli tatt tilstrekkeleg omsyn til fisk, og peikar på at det ikkje er avklara om tiltaka er i konflikt med automatisk freda kulturminner. **Naturvernforbundet i Telemark** går imot prosjekta, mellom anna av omsyn til landskapsverdiar. **Friluftsrådet sør** syner til at det er to turstiar i området, og at spesielt Klofoss kraftverk vil vere negativt for friluftsiinteresser. **Villreinnemnda** uttalar at prosjekta sannsynligvis ikkje vil endre tilhøva for villreinen, som bruker området særleg om vinteren. Villreinnemnda ber om at det blir stilt vilkår om at anleggsverksemd blir avgrensa til sommaren. **Gunnar Fjone** er imot at det blir gitt løyve til bygging av kraftverka. Han legg mellom anna vekt på omsynet til naturmangfald, landskap og samla belastning. **Veglaget Mesel/Haatveitvegen** har merknadar til røyrkata si kryssing av skogsbilveggar. **Halvor Fjone** har merknadar til den delen av linjetraseen som er planlagt rusta opp. Han meiner mellom anna at sjø- eller jordkabel er betre enn luftlinje ein har idag.

NVE sendte ny søknad for Klofoss kraftverk på høyring i mars 2017: **Fylkesmannen i Telemark** går imot utbygginga av Klofoss kraftverk. Fylkesmannen legg vekt på betydinga av Klofoss i landskapsrommet ved Nisser og den samla belastninga på vassdraga i Nissedal. **Telemark fylkeskommune** kommenterer tilhøvet til vassforskrifta og vassforvaltningsplanane. **Naturvernforbundet i Telemark** er imot utbygging. Naturvernforbundet legg vekt på verknadar for landskap og den samla belastninga av vassdragsinngrep og andre inngrep i regionen. **Gunnar Fjone** er imot utbygging. Han sett spørsmålsteikn ved kunnskapsgrunnlaget i saken og legg vekt på den samla belastninga i Nissedal m.m.

## 2. NVE sine vedtak

Følgjande er referert frå samandraget i NVE sitt bakgrunn for vedtak av 7.12.2016 for Støyldalen kraftverk:

"...

*En utbygging av Støyldalen kraftverk vil medføre redusert verdi av to fosser og noe inngrep knyttet til anlegging av rørtrasé med noe krevende terreng i øvre del. Området er imidlertid ikke mye brukt til friluftsliv. Det er også registrert et myrkompleks med 11 forekomster av naturtypen slåttemyr. Slik rørtraseen nå er lagt mener vi tiltaket vil ha minimale konsekvenser for slåttemyrlokaliteten. NVE mener at de negative konsekvensene kan avbøtes tilstrekkelig gjennom vilkår."*

NVE har for Støyldalen kraftverk sett krav om slepp av minstevassføring på 20 l/s heile året. Etter NVE sine berekningar vil årleg produksjon med det bli redusert med 0,2 GWh frå 8,2 GWh ned mot 8,0 GWh.

Følgjande er referert frå samandraget i NVE sitt bakgrunn for vedtak for Klofefoss kraftverk av 22.6.2017:

"...

*I NVEs vurdering har vi lagt vekt på at tiltaket vil gi positive ringvirkninger lokalt og gi inntekt til søkere og grunneiere samtidig som det vil gi en viss økning i fornybar kraftproduksjon til en kostnad nær gjennomsnittet med begrensede miljøeffekter. Med vannvei på sørsiden av elva er rørgatetrassen flyttet ut fra det teknisk krevende terrenget og bort i fra turstien i området, og de visuelle virkningene vil reduseres i forhold til opprinnelig søknad. Samtidig vil en utbygging av Klofefoss kraftverk medføre redusert verdi av Klofefoss som er synlig i Nissers landskapsrom, og konsekvensene av en eventuell utbygging er knyttet til fosselandskapet. NVE mener allikevel at konsekvensene tiltaket har på Nissers landskapsrom er akseptable ved bygging av Klofefoss kraftverk, gitt god landskapstilpasning og noe minstevannføring. NVE legger stor vekt på at vannveien er planlagt i et område med eksisterende vei, og at rørgatetraseen følger eksisterende veinett langs deler av utbyggingsstrekningen. Avbøtende tiltak som tilbakeføring av anleggsveier og revegetering av rørtraseen samt slipp av minstevannføring hele året vil redusere de negative konsekvensene for landskap og biologisk mangfold i og langs vassdraget slik at fordelene av det omsøkte tiltaket etter vår vurdering overstiger ulempene."*

For Klofefoss kraftverk har NVE sett krav om slepp av minstevassføring på 50 l/s heile året. Etter NVE sine berekningar vil årleg produksjon med det bli redusert med 0,1 GWh frå 5,0 GWh til 4,9 GWh.

### **3. Klagene**

Naturvernforbundet har klagt på NVE sine vedtak om å gi løyve til Støydalen og Klofefoss kraftverk. Naturvernforbundet har òg sendt inn tilleggsuttale til departementet i brev av 7.11.2018. Naturvernforbundet sine argument mot utbygging av Støydalen og Klofefoss kraftverk kan summerast slik:

- Klagar meiner det er viktig å ivareta området sine verdier for landskap, naturmangfold og friluftsliv.
- Klagar meiner det er ei stor samla belastning av vasskraftutbyggingar i regionen. Håtveitåi er det siste vassdraget av ein viss størrelse på vestsida av Nisser som framleis renn fritt. Klager syner også til den store mengda av andre inngrep, slik som hytteutbygging.
- Klagar meiner det må argumenterast meir konkret om kvifor grensa for samla belastning ikkje er nådd enn det NVE har gjort.
- Klagar meiner at det som følgje av løyvet til Kilåi kraftverk, i det verna nedbørfeltet som grensar til Håtveitåi i vest, er enda viktigare å bevare Håtveitåi urørt.
- Klagar uttalar at både Klofefoss og Støydalen kraftverk er del av eit landskapsrom med godt innsyn. Redusert vassføring og landskapsinngrep i form av rørgater, inntak m.m. vil i følgje klagar redusere landskapsverdiane.

- Klagar syner til at røyrgatene vil få ei samla lengde på om lag 4,5 km og gå gjennom/forbi slåttemyrar og turløyper, og vil bli godt synleg i landskapet. Røyrgatene må bli sprengt ned i terrenget ut frå begge inntaka.
- Klagar er kritisk til kvaliteten på kartlegginga av biologisk mangfald.
- Klagar meiner at endringsøknaden frå Skagerak Kraft for Klovfoss kraftverk ikkje gir grunnlag for løyve.
- Klagar er kritisk til samfunnsnytta ved dei to kraftverka. Klagar syner til samfunnsnytta ved å ha urørte vassdrag.
- Klagar ber departementet gjennomføre ei synfaring av tiltaksområda for dei planlage kraftverka før det blir fatta vedtak.

#### **4. Tilleggsuttale**

Gunnar Fjone har i brev av 12.11.2018 sendt ein tilleggsuttale til departementet. Gunnar Fjone meiner at Håtveitåi er for verdifull til å bli nytta til utbygging av små vasskraftverk. I uttalen blir det mellom anna synt til at Håtveitåi er eit vassdrag med minimal menneskelig belastning, og at det er viktig å bevare slike vassdrag.

#### **5. Departementet sine merknadar**

Løyve kan bli gitt om "*fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser*", jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd. Departementet vil drøfte dei merknadane frå klagaren som er naudsynt for å grunngje avgjerdene. Departementet kan òg ta omsyn til andre tilhøve som ikkje er tatt opp av klagaren.

##### Prissette verknadar

###### *Verdien av ny kraftproduksjon*

Departementet meiner den viktigaste samfunnsnytta med Støylidalen og Klovfoss kraftverk vil vere produksjonen av fornybar energi. Støylidalen kraftverk vil i tråd med NVE sitt vedtak kunne produsere om lag 8,0 GWh, med om lag 3,3 GWh vinterkraft. Klovfoss kraftverk vil i tråd med NVE sitt vedtak kunne produsere om lag 4,9 GWh, med om lag 2,8 GWh vinterkraft.

###### *Utbyggingskostnadar*

Skagerak Kraft AS har i brev til departementet av 9.11.2018 sendt departementet nye kostnadsberekningar for Støylidalen og Klovfoss kraftverk, inkludert nettkostnadar. Byggekostnadane for Støylidalen kraftverk er oppgjeve til 40,7 mill. kr. Dette gjev ein spesifikk utbyggingskostnad på 4,96 kr/kWh. Byggekostnadane for Klovfoss kraftverk er oppgjeve til 21,7 mill. kr. Dette gjev ein spesifikk utbyggingskostnad på 4,43 kr/kWh.

###### *Noverdi*

Prosjekta si inntektsside, representert ved noverdien av prosjekta, inngår som eitt element i departementet si samla vurdering av fordelar og ulemper. Departementet har gjort ei berekning av noverdien basert på oppgitte investeringskostnadar, typiske driftskostnadar, forventa produksjon og elsertifikatpris, og eit utfallsrom for kraftprisen slik det er modellert av

NVE fram mot 2030 (høg/låg/basis). Gitt føresetnadane for investerings- og driftskostnadar gir Støylaldalen kraftverk positiv noverdi når ein legg basisprisbana til NVE til grunn, med unntak for eit høgare kostnadsnivå. Klovefoss kraftverk gir positiv noverdi når ein legg basisprisbana til grunn.

Departementet presiserer at usikkerheita i denne fasa normalt er betydeleg både når det gjeld faktisk produksjon og kostnadar. Dei samla verknadane av tiltaket er ikkje avgrensa til dei som er prissette. I konsesjonsvurderinga vil departementet vurdere miljøverknadane av tiltaket nærare, og ta stilling til om kraftverka samla sett er samfunnsøkonomisk lønsame.

### Landskap og friluftsliv

Det kjem klart fram i høyringsfråsegnene og innkomne klager at området har verdiar for landskap og friluftsliv.

Naturvernforbundet syner til at Støylaldalen kraftverk er del av eit landskapsrom med godt innsyn. Fylkesmannen i Telemark og Naturvernforbundet meiner at Klovefoss kraftverk òg i tråd med den reviderte søknaden vil påverke landskapsrommet i for stor grad til at det kan bli gitt løyve. Fylkesmannen og Naturvernforbundet syner til betydinga av Klovefoss i landskapsrommet ved Nisser, og meiner den samla belastninga knytt til kraftproduksjon i området har nådd ei tolegrense.

Kraftverka kan gi ulemper for landskap og friluftsliv som følgje av at Støylaldalen kraftverk vil føre til redusert vassføring i to markerte fossefall. Vidare vil det mellom anna bli etablert om lag 3,9 km røyrgate, inntaksdam og kraftstasjon. Klovefoss kraftverk vil føre til redusert vassføring i Klovefoss. I tillegg vil det mellom anna bli etablert om lag 0,7 km nedgraven/sprengt røyrgate, inntaksdam og kraftstasjon.

For Klovefoss syner NVE til at med vassveg på sørsida av elva er røyrgatetraseen flytta vekk frå det teknisk krevjande terrenget og vekk frå turstien i området. Vassvegen vil bli lagt i eit område med eksisterande veg. Klovefoss vil få redusert verdi som landskapselement i Nisser sitt landskapsrom, men NVE meiner konsekvensane vil vere akseptable ved slepp av minstevassføring og god landskapstilpassing. NVE meiner konsekvensane vil vere akseptable sett opp mot Nisser sitt landskapsrom og samla belastning i Nissedal kommune.

Departementet konstaterer at området har verdiar for landskap og friluftsliv som det må takast omsyn til. Departementet legg til grunn at Håtveitåi har verdi som lokalt landskapselement. I tillegg har spesielt Klovefoss verdi som landskapselement i eit større landskapsrom ved Nisser.

Det er lagt vekt på å redusere ulempene, både frå utbyggjar si side og i NVE sitt vedtak. Tiltaka vil likevel ha ulemper som følgje av redusert vassføring og etablering av røyrgater, inntak m.m. Departementet meiner det er lagt tilstrekkeleg vekt på å redusere konfliktane med landskap og friluftsliv. Etter departementet si vurdering vil utbygging av kraftverka i tråd med NVE sine vedtak, ikkje ha uakseptable negative konsekvensar for landskap eller

friluftsliv. Tiltaka vil auke den samla belastninga på landskap og friluftsiinteresser i regionen, men ikkje i ein slik grad at det er avgjerande i spørsmålet om løyve.

### Naturmangfald

Føresegnene i naturmangfaldlova § 7 og prinsippa i same lov §§ 8-12 blir lagt til grunn som retningsliner for vedtak etter vassressurslova. Departementet syner i den samanheng òg til forvaltningsmåla om naturtypar, økosystem og artar i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapsgrunnlaget departementet bygger si vurdering på, omfattar mellom anna følgjande:

- Søknadar av 3.10.2013 og 23.2.2017 med tilhøyrande rapport om konsekvensar for biologisk mangfald m.m.
- NVE sine bakgrunn for vedtak av 7.12.2016 (KSK-notat 90/2016) og 22.6.2017 (KSK-notat 77/2017).
- Tilleggsundersøking av områder med myr (Biofokus-notat 2015-24).
- Søk i aktuelle databasar, som Miljødirektoratet sin Naturbase.
- Departementet sin synfaring av tiltaksområdet for Støydalen og Klovefoss kraftverk 23.10.2018, saman med representantar for Skagerak Kraft, Fylkesmannen i Telemark, Naturvernforbundet i Telemark med fleire.

Det er registrert totalt 11 førekomstar av den utvalte naturtypen *slåttemyr* i eller i nærleiken av planlagd røyrгатетрасé for Støydalen kraftverk. Myrkomplekset er samla vurdert til å vere av regional verdi (B-verdi). I norsk raudliste for naturtypar har *slåttemyr* status som sterkt trua (EN) og *slåttemyrkant* har status som kritisk trua (CR). Det er òg registrert ein førekomst av naturtypen *humid granskog/gammel granskog* langs Håtveitåi, innanfor influensområdet til Støydalen kraftverk. Innanfor lokaliteten er det registrert fleire artar på Rødlista, mellom anna gubbeskjegg (NT), svartsonekjuke (NT) og truleg klengekjuke (VU). Lokaliteten av *humid granskog/gammel granskog* er vurdert til å vere av minst B-verdi.

Influensområdet for Støydalen kraftverk er del av Våmur-Roan villreinområde og blir nytta av villrein, særleg om vinteren. Villreinnemnda ber NVE om å stille vilkår om at anleggsverksemd berre skal gå føre i sommarhalvåret. Fylkesmannen i Telemark har òg bedt om at det blir sett rammer for anleggsperioden av omsyn til villrein. NVE har for Støydalen kraftverk av omsyn til villrein sett vilkår om at anleggsarbeid berre skal gå føre i sommarhalvåret. Nøyaktig tidsrom skal bli fastsett i samråd med Fylkesmannen i Telemark/villreinnemnda.

Vandringshinder for aure frå Nisser er lokalisert om lag 40 m oppstraums utlaupet for planlagde Klovefoss kraftverk. NVE meiner at strekninga oppstraums kraftstasjonen har liten verdi som gytestrekning grunna lite eigna gytesubstrat. NVE meiner vidare at strekninga nedstraums kraftstasjonen i tilstrekkelig grad blir ivareteke og har ikkje funne grunnlag for å setje krav om omlaupsventil.

Skagerak Kraft har justert røyrгатетрасéen for å i mindre grad råke førekomstane av naturtypen *slåttemyr*. Skagerak Kraft uttrykker òg at det ved behov vil bli gjort særskilte tiltak for å sikre at den hydrologiske balansen i myrene blir ivareteke.

NVE legg til grunn at røyrkata for Støydalen kraftverk i stor grad vil bli lagt langs eksisterande skogsbilveg og i mindre grad i urørte områder gjennom myrkomplekset, og ikkje direkte gjennom kjerneområda. Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at røyrkatetraseen, der den blir lagt nær myrer, kan påverke dei hydrologiske tilhøva. Etter NVE sitt syn er det uansett ein så liten del av naturtypen at det ikkje vil påverke verdien av myrkomplekset som heilhet.

For lokaliteten *humid barskog/gammel barskog* syner NVE til at tiltaket ikkje vil gi fysiske inngrep i lokaliteten. Etter NVE sitt syn er dei fuktige tilhøva i lokaliteten i mindre grad avhengig av elva, og meir av fuktighet frå nedbør, tilsig frå områda rundt og at skogen er intakt og held på fuktigheten. Dei registrerte artane på Rødlista er heller ikkje knytt til vassdraget.

Naturvernforbundet legg i klagene stor vekt på samla belastning. Etter Naturvernforbundet sitt syn er den samla belastninga for økosystemet nådd, og meiner at NVE skulle ha argumentert meir konkret om kvifor dei meiner at samla belastning ikkje er nådd i dette området.

Departementet sluttar seg til NVE sine vurderingar av området sine naturverdiar og moglege konsekvensar av utbyggingane. Etter departementet si vurdering vil utbyggingane i tråd med NVE sine vedtak ha avgrensa og akseptable ulemper for naturmangfald.

Departementet finn at tiltaket er godt nok opplyst ved gjennomførte utgreiingar og høyringar til at vedtak kan bli gjort. Departementet syner til at materialet er forventa å gi den kunnskapen som er naudsynt om utbreiing av naturtypar og artar og den økologiske tilstanden i området. Også verknadane av utbygginga er godt nok opplyst. Etter departementet si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfald og verknadar på naturmangfald. Føre-var-prinsippet blir ikkje tatt i bruk.

Prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning inneber at ein må ha kunnskap òg om andre tiltak og påverknader på økosystemet slik at ein kan identifisere den samla belastninga. Den samla belastninga på naturmangfald, landskap og andre interesser skal vere ein del av konsesjonsvurderinga. NVE har i KSK-notat 90/2016 og 77/2017 drøfta omsynet til samla belastning, både for tema omfatta av naturmangfaldlova og for andre interesser som landskap og friluftsliv. Sett i lys av omfanget av tiltaka og moglege konsekvensar, finn departementet at NVE har drøfta omsynet til samla belastning i tilstrekkeleg grad. Departementet finn at utbygging av Støydalen kraftverk og Klovefoss kraftverk i tråd med NVE sine vedtak ikkje vil ha ei uakseptabel samla belastning for naturmangfald.

Når det gjeld prinsippet om at tiltakshavar skal dekke kostnadane ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket fører til, syner departementet til at det i løyvet er sett vilkår om naturforvaltning mv. som sørgjer for at dette er ivareteke.

Departementet har tatt utgangspunkt i driftsmetodar, teknikkar og lokalisering som ut frå ei samla vurdering og avveging av tidlegere, noverande og framtidig bruk gir dei beste samfunnsmessige resultat.

#### Tilhøvet til vassforskrifta

Etter vassforskrifta § 12 kan nye fysiske inngrep bli gjennomført i ein vassførekomst sjølv om miljøtilstanden blir svekka om:

" ...

- *alle praktisk gjennomførbare tiltak settes inn for å begrense negativ utvikling i tilstanden for vannforekomsten,*
- *samfunnsnyttan av de nye inngrepene eller aktivitetene er større enn tapet av miljøkvalitet og*
- *formålet med de nye inngrepene kan ikke med rimelighet oppnås kostnadseffektivt på andre miljømessig bedre måter.*

Etter departementet sitt syn viser vurderingar av tiltaka i lys av prinsippa i naturmangfaldlova at kraftverka har akseptable konsekvensar for vassmiljøet. Det er vidare fastsett pålegg om tiltak for å redusere verknadane. Føremålet med utbyggingane er å auke produksjonen av fornybar elektrisitet. Kraftverka vil òg gi inntekter til grunneigarar og kraftutbyggar. Departementet finn at fordelane utbyggingane gir ikkje kunne vore oppnådd så kostnadseffektivt på andre måtar miljømessig sett. Departementet vurderer vilkåra i vassforskrifta § 12 som oppfylte med dei avbøtande tiltaka og med dei minstevassføringane som er fastsett.

#### Oppsummering

Støylaldalen kraftverk og Klofoss kraftverk kan i tråd med NVE sine vedtak bidra med ein årleg produksjon på om lag 8,0 GWh og 4,9 GWh. Prosjekta kan gi positive ringverknadar lokalt og varige inntekter til Skagerak Kraft AS, grunneigarar og Nissedal kommune.

Departementet meiner dei største ulempene ved utbygging av både Støylaldalen kraftverk og Klofoss kraftverk vil vere knytt til landskapsverknadane som følgje av tekniske inngrep og redusert vassføring i Håtveitåi, medrekna redusert vassføring i Fjellstøylfossen og Klofossfossen. Det er registrert verdifulle naturverdiar i influensområdet til Støylaldalen kraftverk, men desse vil i liten grad bli påverka. Det er ikkje registrert nokon spesielt verdifulle naturverdiar som vil bli påverka av Klofoss kraftverk. Etter departementet sitt syn er det lagt stor vekt på å avgrense ulempene for både Støylaldalen kraftverk og Klofoss kraftverk. Departementet finn at både Støylaldalen kraftverk og Klofoss kraftverk i tråd med NVE sine vedtak, vil ha akseptable ulemper for landskap, naturmangfald og andre interesser.

Etter ei samla vurdering finn departementet at fordelane og nytta ved Støylaldalen kraftverk og Klofoss kraftverk er større enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Vilkåret for løyve er såleis oppfylt, jf. vassressurslova § 25.



## 6. Departementet sitt vedtak

Klagene frå Naturvernforbundet blir ikkje tatt til følge. NVE sine vedtak om løyve til Støyldalen kraftverk av 7.12.2016 og til Klovedfoss kraftverk av 22.6.2017 blir stadfesta.

Dette vedtaket kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, fyrste punktum.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)  
avdelingsdirektør

Vegard Hotvedt Strømsvåg  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Kopi

Fylkesmannen i Telemark  
Nissedal kommune  
Norges vassdrags- og energidirektorat  
Skagerak Kraft AS

## Adresseliste

Naturvernforbundet i Telemark	Vetle Mules vei 16	3944	PORSGRUNN
Norges Naturvernforbund	Mariboestgt 8	0183	OSLO